



Innkalling av Alver kommunestyre

Møtedato: 28.09.2023
Møtestad: Kommunehuset Frekhaug
Møtetid: 14:00 -

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
118/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
119/23	Godkjenning av møteprotokoll
120/23	Tilsetting kommunedirektør

22. september 2023

Sara Hamre Sekkingstad
ordfører

Tove-Mette Arnø Fyllingen
møtesekretær

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 22.09.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
118/23	Alver kommunestyre	28.09.2023

Godkjenning av innkalling og saksliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 22.09.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
119/23	Alver kommunestyre	28.09.2023

Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

Vedlegg i saken:

16.08.2023 Protokoll - Alver kommunestyre - 15.08.2023

1975892



Møteprotokoll for Alver kommunestyre

Møtedato: 15.08.2023
Møtestad: Helsehuset, møterom Nordhordland
Møtetid: 12:00 - 16:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Ordfører
Jostein Hellestveit	SP	Medlem
May-Irene Wergeland	SP	Medlem
Sølvi Gripsgård Knudsen	SP	Medlem
Vigdis Villanger	SP	Medlem
Laila Bjørge	SP	Medlem
Øyvind Oddekalv	AP	Medlem
Nina Bognøy	AP	Varaordfører
Ståle Juvik Hauge	AP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Stian Lavik	KRF	Medlem
Asle Hetlebakke	KRF	Medlem
Olav Myhr	KRF	Medlem
Nils Marton Aadland	H	Medlem
Christel Villanger Håland	H	Medlem
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem
Ingrid Fjeldsbø	H	Medlem
Mabel Johansen	H	Medlem
Henning Fyllingsnes	H	Medlem
Terje Sletten-Hansen	UAVH	Medlem
Yngve Walaker	FRP	Medlem
Maria Færø	UAVH	Medlem
Hege Nygård Dale	UAVH	Medlem
Heine Fyllingsnes	H	Medlem
Harald Breivik	UAVH	Medlem
Ståle Hopland	UAVH	Medlem
Øyvind Bratshaug	H	Medlem
Anna Ulrika Nordlund	SV	Settemedlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem
Maya Greve	MDG	Medlem
Alexander Helle	R	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
----------------------------------	--------------	--------------

Jon Askeland	SP	Medlem
Liv Hopland van der Kooij	SP	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Jogeir Romarheim	KRF	Medlem
Anne Karin Angelskår Eknes	KRF	Medlem
Morten Klementsens	UAVH	Medlem
Thore Helland	SP	Medlem
Svein Hagesæter	UAVH	Medlem
Ole-Chistian Dale	UAVH	Settemedlem
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem
Roy Bø	H	Medlem
Torbjørn Taranger	SV	Medlem
Sveinung Toff	V	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
May Britt Vågenes Gjerde	SP	Liv Hopland van der Kooij
Leif Gunnar Taule	SP	Jon Askeland
Astrid Namtvedt Sylta	AP	Tormod Skurtveit
Pål Inge Fosse Hopland	AP	For A.Sylta sak 111/23
Kristina Vaktskjold Hamre	KRF	Astrid Aarhus Byrknes
Jon Vidar Sakseide	KRF	Else Marie Skartveit Dale
Rikke Slaatten Nordal	KRF	Jogeir Romarheim
Sølvi Vatnøy	KRF	Anne Karin Angelskår Eknes
Aasmund Karlsen	UAVH	Morten Klementsens
Kjell Ove Larsen	UAVH	Thore Helland
Esben André Helland	FRP	Roy Bø
Marie Morken	SV	Torbjørn Taranger
Marius Hellan Hindenes	V	Sveinung Toff

Følgjande frå administrasjonen møte:

Hogne Haugsdal-kommunalsjef, Janne Sund-kommunalsjef, Kristin Moe-kommunalsjef, Martin W. Kulild-ass.kommunedirektør, Tove-Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun-kommunedirektør

Sakliste

Saknr	Tittel
108/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
109/23	Godkjenning av møteprotokoll
110/23	Temaplan for friluftslivets ferdselsårer 2022-26, ro- og padledele
111/23	Utviding av tal teljetidspunkt barnehage
112/23	Samarbeidsavtale syns- og audiopedagogisk teneste
113/23	Samarbeidsavtale Industriutvikling Vest 2023-2024
114/23	Handsaming av interpellasjon om kommunen si handsaming av kompensasjonsmidlar runde 6 og 7
115/23	Rettet emisjon - Gløde Utvikling AS
116/23	Melding/orientering til kommunestyret 22.06.2023

108/23: Godkjenning av innkalling og saksliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Alver kommunestyre 15.08.2023:

Handsaming:

Ingen merknader, samrøystes.

KO- 108/23 Vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent.

109/23: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunesirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

Alver kommunestyre 15.08.2023:

Handsaming

Ingen merknader, samrøystes.

KO- 109/23 Vedtak:

Møteprotokollen er godkjent.

110/23: Temaplan for friluftslivets ferdselsårer 2022-26, ro- og padleled

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar temaplan for friluftslivets ferdselsårer sin ro- og padleled.

Eldreråd 05.06.2023:

Handsaming:

Eirik B. Utne-tenesteleiar kultur orienterte i saka.

Eldrerådet sluttar seg til framlagd temaplan for friluftslivets ferdselsårer 2022-2026, ro- og padleled.

Samrøystes vedteke.

ER- 025/23 uttale:

Eldrerådet sluttar seg til framlagd temaplan for friluftslivets ferdselsårer 2022-2026, ro- og padleled.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 05.06.2023:

Handsaming:

Orientering til saka v/Eirik B. Utne-einingsleiar Kultur

Fellesframlegg:

RMNF støttar satsinga på utsetjingsstader med universell utforming.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 022/23 uttale:

RMNF støttar satsinga på utsetjingsstader med universell utforming.

Ungdomsråd 05.06.2023:**Handsaming:**

Orientering i saka v/Robert Lorang Hansen
Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.
Samrøystes

UR- 020/23 utfale:

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.
Samrøystes

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 06.06.2023:**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 036/23 innstilling:

Kommunestyret vedtar temaplan for friluftslivets ferdselsårer sin ro- og padleled.

Alver kommunestyre 22.06.2023:**Handsaming:**

Framlegg om at saka vert utsett.
Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 089/23 Vedtak:

Saka er utsett.

Alver kommunestyre 15.08.2023:**Handsaming:**

Innstillinga frå utval for oppvekst, kunnskap og kultur vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå S.Hauge-AP:

Nytt Kulepunkt .

Forhold for å leggja til rette for parkering + utsetjingssta. for ålmenta må arbeidast i areal- og reguleringsplaner.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 110/23 Vedtak:

Kommunestyret vedtar temaplan for friluftslivets ferdselsårer sin ro- og padleled.

111/23: Utviding av tal teljetidspunkt barnehage**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommune innfører tre teljetidspunkt for barnehage frå og med januar 2024.

Teljetidspunkta vert sett til 01.03, 01.09 og 15.12.

Administrasjonen set i verk arbeidet med å lage retningsline for berekning av tilskot til dei private barnehagane samt justere retningsline for gjennomføring av opptak til barnehage. Saksbehandlingsreglar for etablering av forskrift skal følgjast i dette arbeidet.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 06.06.2023:**Handsaming:**

Kristin Moe-tenesteleiar Oppvekst svara på spørsmål i saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med 5 røyster (Leila Bjørge-Sp, Anna Nordlund-SV, Marit Gro Berge-SV, Jostein Borlaug-Ap, May Britt Vågenes Gjerde-Sp) mot (Yngve Walaker-Frp, Christiel Villanger Håland-H, Sølvi Vatnøy-Krf)

OKK- 034/23 uttale:

Alver kommune innfører tre teljetidspunkt for barnehage frå og med januar 2024. Teljetidspunkta vert sett til 01.03, 01.09 og 15.12.

Administrasjonen set i verk arbeidet med å lage retningsline for berekning av tilskot til dei private barnehagane samt justere retningsline for gjennomføring av opptak til barnehage. Saksbehandlingsreglar for etablering av forskrift skal følgjast i dette arbeidet.

Alver formannskap 08.06.2023:**Handsaming:****Framlegg frå S.Lavik-KRF:**

Alver kommune opprettheld eitt teljetidspunkt for barnehagane. Dei kommunale og dei private barnehagane må telja barn på samme tidspunkt for å gje eit likeverdig grunnlag for tilskotsberekning. Dei kommunale barnehagane må praktisera løpande opptak, i tråd med praksis hjå dei private.

Framlegget vart vedteke med 6 røyster, mot 5 røyster (J.Hellestveit-SP, N.Bognøy-AP, S.Sekkingstad-SP, T.Helland-SP og Ø.Oddekalv-AP)
Kommunedirektøren sitt framlegg fekk 5 røyster og fall, mot 6 røyster.

FO- 060/23 innstilling:

Alver kommune opprettheld eitt teljetidspunkt for barnehagane. Dei kommunale og dei private barnehagane må telja barn på samme tidspunkt for å gje eit likeverdig grunnlag for tilskotsberekning. Dei kommunale barnehagane må praktisera løpande opptak, i tråd med praksis hjå dei private.

Alver kommunestyre 22.06.2023:**Handsaming:**

Framlegg om at saka vert utsett.
Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 091/23 Vedtak:

Saka er utsett.

Alver kommunestyre 15.08.2023:**Handsaming:**

Det var stild spørsmål frå Astrid Sylta om vurdering av habilitet i denne saka, då ho har tatt del i sakshandsaminga. Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at Astrid Sylta er ugild i denne saka, Pål Inge Fosse Hopland møtte som vara.

Framlegg frå S.Lavik-KRF:

Det har kome tilleggsinformasjon fra administrasjonen etter vedtaket i Formannskapet. Dei to siste setningane i første avsnitt i dette nye framlegget er meir presise i hht. dei kommunale barnehagane og erstattar siste setning i innstillinga frå Formannskapet. I tillegg ønskjer vi ei evaluering etter to år, slik at ein då kan sjå korleis dette har fungert.

Punkter

Alver kommune opprettheld eitt teljetidspunkt for barnehagane. Dei kommunale og dei private barnehagane må telja barn på samme tidspunkt for å gje eit likeverdig grunnlag for tilskotsberekning. Dei kommunale barnehagane skal praktisere løpande opptak på våren dersom det har blitt ledige plassar etter tellinga 31.12. Dei kommunale barnehagane skal praktisere løtande opptak frå august til desember så lenge der er kapasitet innanfor dei barnehagane og avdelingane som er i drift.
Ordninga skal evaluerast etter to år.

Framlegget fekk 17 røyster og fall (S.Lavik-KRF, A.Hetlebakke-KRF, O.Myhr-KRF, K.Hamre-KRF, J.V.Sakseide-KRF, R.Nordal-KRF, S.Vatnøy-KRF, N.M.Aadland-H, C.Håland-H, I.Fjeldsbø-H,

M.Johansen-H, K.Murberg-H, Henning Fyllingsnes-H, Ø.Bratshaug-H, Heine Fyllingsnes-H, Y.Walaker-FRP og E.Helland-FRP)

Framlegg frå H.Dale-uavh.:

Alver kommune innfører tre teljetidspunkt for barnehage frå og med januar 2024.

Teljetidspunkta vert sett til 01.03, 01.09 og 15.12.

Administrasjonen set i verk arbeidet med å lage retningsline for berekning av tilskot til dei private barnehagane samt justere retningsline for gjennomføring av opptak til barnehage. Saksbehandlingsreglar for etablering av forskrift skal følgjast i dette arbeidet

Framlegget vart vedteke med 28 røyster (mot 17 røyster)

Framlegg frå J.Hellestveit-SP:

Kommunestyret ber om å få oversikt over dei økonomiske konsekvensane endringa får for dei private barnehagane eit år etter innføring.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 111/23 Vedtak:

Alver kommune innfører tre teljetidspunkt for barnehage frå og med januar 2024.

Teljetidspunkta vert sett til 01.03, 01.09 og 15.12.

Administrasjonen set i verk arbeidet med å lage retningsline for berekning av tilskot til dei private barnehagane samt justere retningsline for gjennomføring av opptak til barnehage. Saksbehandlingsreglar for etablering av forskrift skal følgjast i dette arbeidet

Kommunestyret ber om å få oversikt over dei økonomiske konsekvensane endringa får for dei private barnehagane eit år etter innføring.

112/23: Samarbeidsavtale syns- og audiopedagogisk teneste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår vidare samarbeidsavtale med Syns- og audiopedagogisk teneste.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 05.06.2023:

Handsaming:

Orientering til saka v/Monica Svarstad-rådgjevar Oppvekst

Framlegg frå Magne Bjørndal:

RMNF meiner det er uheldig at innspel frå Blindeforbundet og FFO, som er sendt til kommunane, ikkje er tekne med blant saksdokumenta. Her vert det reist kritikk mot at samarbeidsavtalen legg opp til innskrenkingar i tilbodet til personar over sytti år. Sjølv om SAPT skal prioritera born og unge, meiner rådet det er svært uheldig at denne gruppa får eit dårlegare tilbod enn den har hatt til no.

Rådet går inn for at kommunestyret gjer slikt vedtak:

Kommunestyret godkjenner vidare samarbeidsavtale med Syns- og audiopedagogisk teneste. Tenesta må snarast mogleg få på plass ein kapasitet som gjer den i stand til å gje personar over sytti år det same tilbodet som dei har hatt til no. Kommunestyret er innforstått med at etablering av ein slik kapasitet på sikt kan føra med seg ein viss utgiftsauke for kommunen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 021/23 uttale:

RMNF meiner det er uheldig at innspel frå Blindeforbundet og FFO, som er sendt til kommunane, ikkje er tekne med blant saksdokumenta. Her vert det reist kritikk mot at samarbeidsavtalen legg opp til innskrenkingar i tilbodet til personar over sytti år. Sjølv om SAPT skal prioritera born og unge, meiner rådet det er svært uheldig at denne gruppa får eit dårlegare tilbod enn den har hatt til no.

Rådet går inn for at kommunestyret gjer slikt vedtak:

Kommunestyret godkjenner vidare samarbeidsavtale med Syns- og audiopedagogisk teneste. Tenesta må snarast mogleg få på plass ein kapasitet som gjer den i stand til å gje personar over sytti år det same tilbodet som dei har hatt til no. Kommunestyret er innforstått med at etablering av ein slik kapasitet på sikt kan føra med seg ein viss utgiftsauke for kommunen.

Eldreråd 05.06.2023:

Handsaming:

Monica Svarstad-rådgjevar oppvekst orienterte i saka.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg til uttale:

Eldrerådet meiner Alver kommune må vidareføra samarbeidsavtalen om syns- og audiopedagogisk teneste. Men rådet er bekymra over at det den nye avtalen skal innebera at personar over 70 år ikkje blir omfatta av denne tenesta. Rådet meiner tvert om at det ikkje må setjast noko øvre aldersgrense for desse tenestene som samarbeidsavtalen med Syns- og audiopedagogisk teneste (SAPT) omfattar.

Eldrerådet vil peika på at eit godt tilbod til aldersgruppa over 70 år vil medvirka til at fleire kan bli buande heime lengst mogleg.

Eldrerådet meiner det er uheldig at innspel frå Blindeforbundet og FFO, som er sendt til kommunane, ikkje er tekne med blant saksdokumenta. Her vert det reist kritikk mot at samarbeidsavtalen legg opp til innskrenkingar i tilbodet til personar over 70 år. Sjølv om SAPT skal prioritera born og unge, meiner rådet det er svært uheldig at denne gruppa får eit dårlegare tilbod enn den har hatt til no.

Eldrerådet går inn for at kommunestyret gjer slikt vedtak:

Kommunestyret godkjenner vidare samarbeidsavtale med Syns- og audiopedagogisk teneste. Tenesta må snarast mogleg få på plass ein kapasitet som gjer den i stand til å gje personar over 70 år det same tilbodet som dei har hatt til no. Kommunestyret er innforstått med at etablering av ein slik kapasitet på sikt kan føra med seg ein viss utgiftsauke for kommunane.

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegg til uttale sett fram i møtet.

ER- 024/23 uttale:

Eldrerådet meiner Alver kommune må vidareføra samarbeidsavtalen om syns- og audiopedagogisk teneste. Men rådet er bekymra over at det den nye avtalen skal innebera at personar over 70 år ikkje blir omfatta av denne tenesta. Rådet meiner tvert om at det ikkje må setjast noko øvre aldersgrense for desse tenestene som samarbeidsavtalen med Syns- og audiopedagogisk teneste (SAPT) omfattar.

Eldrerådet vil peika på at eit godt tilbod til aldersgruppa over 70 år vil medvirka til at fleire kan bli buande heime lengst mogleg.

Eldrerådet meiner det er uheldig at innspel frå Blindeforbundet og FFO, som er sendt til kommunane, ikkje er tekne med blant saksdokumenta. Her vert det reist kritikk mot at samarbeidsavtalen legg opp til innskrenkingar i tilbodet til personar over 70 år. Sjølv om SAPT skal prioritera born og unge, meiner rådet det er svært uheldig at denne gruppa får eit dårlegare tilbod enn den har hatt til no.

Eldrerådet går inn for at kommunestyret gjer slikt vedtak:

Kommunestyret godkjenner vidare samarbeidsavtale med Syns- og audiopedagogisk teneste. Tenesta må snarast mogleg få på plass ein kapasitet som gjer den i stand til å gje personar over 70 år det same tilbodet som dei har hatt til no. Kommunestyret er innforstått med at etablering av ein slik kapasitet på sikt kan føra med seg ein viss utgiftsauke for kommunane.

Ungdomsråd 05.06.2023:**Handsaming:**

Orientering i saka v/Monica Svarstad
Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.
Samrøystes

UR- 019/23 uttale:

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Utval for helse og omsorg 06.06.2023:**Handsaming:**

Monica Svarstad-rådgjevar oppvekst orienterte i saka.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg til innstilling:

Alver kommunestyre godkjenner vidare samarbeidsavtale med Syns- og audiopedagogisk teneste.

Kommunestyret i Alver stiller seg bak uttalane frå Eldrerådet og frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

Kommunestyret ber om at administrasjonen går i dialog med styret i SAPT med ein intensjon om at SAPT framleis skal gje tilbod til innbyggjarar over 70 år. Tenesta må snarast mogleg få på plass ein kapasitet som gjer den i stand til å gje personar over 70 år det same tilbodet som dei har hatt til no.

Kommunestyret er innforstått med at etablering av ein slik kapasitet på sikt kan føra med seg ein viss utgiftsauke for kommunane.

Felles framlegg sett fram i møtet vart sett opp mot kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk 0 røyster og fall.
Felles framlegg sett fram i møtet vart samrøystes vedteke.

Protokoll-tilførselDet vart sett fram følgjande framlegg til protokoll-tilførsel:

Utval for helse og omsorg er svært kritisk til at styret i SAPT gjer val på vegne av kommunane utan å gje høve til innspel før ny samarbeidsavtale skal inngåast.

Utvalet slutta seg samrøystes til protokoll-tilførselen.

HO- 030/23 uttale:

Alver kommunestyre godkjenner vidare samarbeidsavtale med Syns- og audiopedagogisk teneste.

Kommunestyret i Alver stiller seg bak uttalane frå Eldrerådet og frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

Kommunestyret ber om at administrasjonen går i dialog med styret i SAPT med ein intensjon om at SAPT framleis skal gje tilbod til innbyggjarar over 70 år. Tenesta må snarast mogleg få på plass ein kapasitet som gjer den i stand til å gje personar over 70 år det same tilbodet som dei har hatt til no. Kommunestyret er innforstått med at etablering av ein slik kapasitet på sikt kan føra med seg ein viss utgiftsauke for kommunane.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 06.06.2023:**Handsaming:**

Orientering til saka v/Monica Svarstad-rådgjevar stab Oppvekst

Fellesframlegg v/Christel Villanger Håland-H:

Positivt å prioritere born / unge, men me reagerer på at prisen er den same tross i at tenesta då er noko redusert ift personar som vil nytta dette tilbodet.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur støttar ellers uttale frå Eldrerådet og RMNF.

OKK går inn for at kommunestyret gjer slikt vedtak:

Kommunestyret godkjenner vidare samarbeidsavtale med Syns- og audiopedagogisk teneste. Tenesta må snarast mogleg få på plass ein kapasitet som gjer den i stand til å gje personar over sytti år det same tilbodet som dei har hatt til no. Kommunestyret er innforstått med at etablering av ein slik kapasitet på sikt kan føra med seg ein viss utgiftsauke for kommunen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

OKK- 031/23 innstilling:

Positivt å prioritere born / unge, men me reagerer på at prisen er den same tross i at tenesta då er noko redusert ift personar som vil nytta dette tilbodet.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur støttar ellers uttale frå Eldrerådet og RMNF.

OKK går inn for at kommunestyret gjer slikt vedtak:

Kommunestyret godkjenner vidare samarbeidsavtale med Syns- og audiopedagogisk teneste. Tenesta må snarast mogleg få på plass ein kapasitet som gjer den i stand til å gje personar over sytti år det same tilbodet som dei har hatt til no. Kommunestyret er innforstått med at etablering av ein slik kapasitet på sikt kan føra med seg ein viss utgiftsauke for kommunen.

Alver kommunestyre 22.06.2023:

Handsaming:

Framlegg om at saka vert utsett.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 092/23 Vedtak:

Saka er utsett.

Alver kommunestyre 15.08.2023:

Handsaming:

Innstillinga frå utval for oppvekst, kunnskap og kultur vart samrøystes vedteke.

KO- 112/23 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner vidare samarbeidsavtale med Syns- og audiopedagogisk teneste. Tenesta må snarast mogleg få på plass ein kapasitet som gjer den i stand til å gje personar over sytti år det same tilbodet som dei har hatt til no. Kommunestyret er innforstått med at etablering av ein slik kapasitet på sikt kan føra med seg ein viss utgiftsauke for kommunen.

113/23: Samarbeidsavtale Industriutvikling Vest 2023-2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune vedtar samarbeidsavtale med Industriutvikling Vest AS for perioden 2023 – 2024.

Utval for næringsutvikling og drift 07.06.2023:**Handsaming:****Utvalsleiar Stian Lavik-KRF sette fram følgjande framlegg til uttale:**

Utval for næringsutvikling og drift er glade for at vi får på plass ein samarbeidsavtale med Industriutvikling Vest AS for perioden 2023-2024. Dette er ein svært viktig avtale for næringsutvikling i kommunen og regionen som vil gje god effekt og utbytte.

Utvalet vedtok samrøystes S. Lavik sitt framlegg til uttale.

ND- 016/23 uttale:

Utval for næringsutvikling og drift er glade for at vi får på plass ein samarbeidsavtale med Industriutvikling Vest AS for perioden 2023-2024. Dette er ein svært viktig avtale for næringsutvikling i kommunen og regionen som vil gje god effekt og utbytte.

Alver formannskap 08.06.2023:**Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 067/23 innstilling:

Alver kommune vedtar samarbeidsavtale med Industriutvikling Vest AS for perioden 2023 – 2024.

Alver kommunestyre 22.06.2023:**Handsaming:**

Framlegg om at saka vert utsett.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 101/23 Vedtak:

Saka er utsett

Alver kommunestyre 15.08.2023:**Handsaming:**

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 113/23 Vedtak:

Alver kommune vedtar samarbeidsavtale med Industriutvikling Vest AS for perioden 2023 – 2024.

114/23: Handsaming av interpellasjon om kommunen si handsaming av kompensasjonsmidlar runde 6 og 7**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Saka blir lagt fram til politisk drøfting

Alver formannskap 08.06.2023:**Handsaming:****Framlegg frå A.Byrknes-KRF og I.Fjeldsbø-H:**

Punkt 1.

Kommunestyret vil formelt orsaka at sakshandsaminga ikkje var god nok, verken formelt eller innhaldsmessig. Kommunikasjonen i samband med denne saka har vore dårleg med dei konsekvensane det har fått.

Punkt 2

Med utgangspunkt i kriteria som er nemnd i tilskotsbrevet frå departementet oppfyller ZINGZANG alle dei 4 kriteria i runde 7. Klinikkk Sætran – Helse & Skjønnhet oppfyller 2 av kriteria.

Med utgangspunkt i sak 47/22 vedtek kommunestyret ei ekstra tildeling til ZINGZANG og Klinikk Sætran – Helse & Skjønnhet med høvesvis kr. 140.000,- og kr. 50.000,-. Midlene tas frå disposjonsfondet.

Framlegget vart vedteke med 6 røyster, mot 5 røyster (J.Hellestveit-SP, N.Bognøy-AP, S.Sekkingstad-SP, T.Helland-SP og Ø.Oddekalv-AP)

FO- 063/23 instilling:

Punkt 1.

Kommunestyret vil formelt orsaka at sakshandsaminga ikkje var god nok, verken formelt eller innhaldsmessig. Kommunikasjonen i samband med denne saka har vore dårleg med dei konsekvensane det har fått.

Punkt 2

Med utgangspunkt i kriteria som er nemnd i tilskotsbrevet frå departementet oppfyller ZINGZANG alle dei 4 kriteria i runde 7. Klinikk Sætran – Helse & Skjønnhet oppfyller 2 av kriteria. Med utgangspunkt i sak 47/22 vedtek kommunestyret ei ekstra tildeling til ZINGZANG og Klinikk Sætran – Helse & Skjønnhet med høvesvis kr. 140.000,- og kr. 50.000,-.

Alver kommunestyre 22.06.2023:

Handsaming:

Framlegg om at saka vert utsett.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 102/23 Vedtak:

Saka er utsett

Alver kommunestyre 15.08.2023:

Handsaming:

Framlegg frå Ø.Oddekalv-AP:

Med bakgrunn i prinsippet om likebehandling ber vi kommunedirektøren kome tilbake med ei sak der det blir vurdert ein ny utlysingsrunde nr 7 med tilhøyrande kriterium. Kostnadsramme og finansiering vert å kome tilbake til.

Framlegget vart vedteke med 30 røyster, mot 15 røyster.

Innstillinga frå formannskapet fekk 15 røyster og fall (C.Håland-H, Heine Fyllingsnes-H, Henning Fyllingsnes-H, I.Fjeldsbø-H, M.Johansen-H, N.M.Aadland-H, Ø.Bratshaug-H, A.Hetlebakke-KRF, J.V.Sakseide-KRF, K.Hamre-KRF, O.Myhr-KRF, R.Nordal-KRF, S.Vatnøy-KRF, S.Lavik-KRF og T.Sletten-Hansen-uavh.)

KO- 114/23 Vedtak:

Med bakgrunn i prinsippet om likebehandling ber vi kommunedirektøren kome tilbake med ei sak der det blir vurdert ein ny utlysingsrunde nr 7 med tilhøyrande kriterium. Kostnadsramme og finansiering vert å kome tilbake til.

115/23: Rettet emisjon - Gløde Utvikling AS

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Alver kommune er positive til å kjøpe aksjar i Gløde Utvikling As, for inntil kr 3.000.000,-. Det er ei føresetnad at dei andre eigarane sluttar seg til utvidinga, utan å krevje umiddelbar innløyning av sine eigardelar.

2. Kommunestyret bed om at Gløde AS utarbeidar naudsynt dokumentasjon og avtaler, som mellom anna sikrar at eksisterande aksjonærer og Alver kommune sine retter og pliktar vert ivareteken.

3. Kommunestyret delegerer til formannskapet å gjere endeleg vedtak i saka, inkludert finansiering ved bruk av disposisjonsfond.

4. Kommunestyret bed kommunedirektøren ta initiativ til at det vert starta opp eit arbeid med mål om fusjon mellom vekstverksemdene som kommunen eig eller er majoritetseigar i.

Alver formannskap 15.06.2023:

Handsaming:

N.M.Aadland og A.G.Eide stilte spørsmål om sin habilitet som styreleiar og styremedlem i Gløde.

Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at N.M.Aadland og A.G.Eide er inhabil i denne saka. Dei deltok ikkje under handsaming og vedtak i denne saka.

Framlegg om endring pkt.4 frå A.Aa.Byrknes-KRF:

4. Kommunestyret bed kommunedirektøren ta initiativ til dialogmøte for dei vekstverksemdene som kommunen eig eller er majoritetseigar i. Målet med dialogmøte er å drøfte ein mogleg prosess om fusjon.

Pkt 1-3 i kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Pkt 4 frå A.Byrknes-KRF vart samrøystes vedteke.

FO- 071/23 innstilling:

1. Alver kommune er positive til å kjøpe aksjar i Gløde Utvikling As, for inntil kr 3.000.000,-. Det er ei føresetnad at dei andre eigarane sluttar seg til utvidinga, utan å krevje umiddelbar innløyning av sine eigardelar.

2. Kommunestyret bed om at Gløde AS utarbeidar naudsynt dokumentasjon og avtaler, som mellom anna sikrar at eksisterande aksjonærer og Alver kommune sine retter og pliktar vert ivareteken.

3. Kommunestyret delegerer til formannskapet å gjere endeleg vedtak i saka, inkludert finansiering ved bruk av disposisjonsfond.

4. Kommunestyret bed kommunedirektøren ta initiativ til dialogmøte for dei vekstverksemdene som kommunen eig eller er majoritetseigar i. Målet med dialogmøte er å drøfte ein mogleg prosess om fusjon.

Alver kommunestyre 22.06.2023:

Handsaming:

Framlegg om at saka vert utsett.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 103/23 Vedtak:

Saka er utsett.

Alver kommunestyre 15.08.2023:

Handsaming:

Spørsmål frå Nils Marton Aadland-styreleiar Gløde, Anne Grete Eide-styremedlem, Kristina V.Hamre-styremedlem, Sølvi Knudsen-møtande vara og Marie Morken som leiar i Meland helselag (aksjeeigar i Gløde) om habilitet. Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at dei er ugild i denne saka Spørsmål frå Marius Hindenes-styremedlem KIM om habilitet. Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at han er habil i denne saka.

Framlegg S.Lavik-KRF:

5. Tilskotssatsane på kommunalt finansierte tiltak skal vere av ein slik storleik at dei dekkjer kostnadene med tiltaket. Kommunestyret ber om at administrasjonen saman med

atfføringsverksemdene fastset riktig tilskotssats. Saka ønskes framlagt for kommunestyret så snart som mogleg. Satsen skal leggjast til grunn for tilskot på kommunale tiltak i verksemdene for alle deltakarar i tiltaket, for inneverande og kommande år.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Innstilling frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 115/23 Vedtak:

1. Alver kommune er positive til å kjøpe aksjar i Gløde Utvikling As, for inntil kr 3.000.000,-. Det er ei føresetnad at dei andre eigarane sluttar seg til utvidinga, utan å krevje umiddelbar innløyising av sine eigardelar.

2. Kommunestyret bed om at Gløde AS utarbeidar naudsynt dokumentasjon og avtaler, som mellom anna sikrar at eksisterande aksjonere og Alver kommune sine retter og pliktar vert ivareteken.

3. Kommunestyret delegerer til formannskapet å gjere endeleg vedtak i saka, inkludert finansiering ved bruk av disposisjonsfond.

4. Kommunestyret bed kommunedirektøren ta initiativ til dialogmøte for dei vekstverksemdene som kommunen eig eller er majoritetseigar i. Målet med dialogmøte er å drøfte ein mogleg prosess om fusjon.

5. Tilskotssatsane på kommunalt finansierte tiltak skal vere av ein slik storleik at dei dekkjer kostnadene med tiltaket. Kommunestyret ber om at administrasjonen saman med atfføringsverksemdene fastset riktig tilskotssats. Saka ønskes framlagt for kommunestyret så snart som mogleg. Satsen skal leggjast til grunn for tilskot på kommunale tiltak i verksemdene for alle deltakarar i tiltaket, for inneverande og kommande år.

116/23: Melding/orientering til kommunestyret 22.06.2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering.

Alver kommunestyre 22.06.2023:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 105/23 Vedtak:

Meldinga vert teke til orientering.

Alver kommunestyre 15.08.2023:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 116/23 Vedtak:

Meldinga er teke til orientering.

117/23: Spørsmål/interpellasjonar 22.06.2023

Alver kommunestyre 22.06.2023:

Handsaming:

Framlegg om at saka vert utsett.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 106/23 Vedtak:

Spørsmål og interpellasjonar er utsett.

Alver kommunestyre 15.08.2023:**Handsaing:****Spørsmål Aasmund Karlsen-uavh.:**

NAV i alver har en svært begrenset åpningstid for innbyggerne, kl 10-12 fire dager i uken. Ved skattekontoret må man bestille time og følge strenge kriterier for å få møte dem.

- Synes ordfører/kommunedirektør at dette er en god nok tjeneste for innbyggere i Alver som f.eks. har akutte behov for nødpenger eller andre livsnødvendige ytelser?
- Har ordfører/kommunedirektør eventuelt forslag til hvordan tilgjengeligheten kan forbedres for disse tjenestene, som tross alt er til for våre innbyggere?

Svar frå ordførar:**NAV**

Dette er opningstid for drop-in på NAV-kontoret. Dei som møter på NAV-kontoret i drop-in tida er brukarar som ikkje har eit avtalt møte med NAV.

Målet er at dei som treng personleg oppfølging skal få det, medan dei som klarer seg med digitale sjølvbeteningsløysingar i størst mogeleg grad brukar det. Innbyggjarar kan søkje om økonomisk sosialhjelp digitalt eller levere papirsøknad. Innbyggjarar kan og levere søknader på innbyggjarservice.

For å sikra dei som ikkje kan nytte digitale løysingar, har NAV Alver eige telefonnummer for dei som ynskjer å koma i direkte kontakt med sosialtenesta måndag til fredag kl. 1000-13.30, eige telefonnummer for dei som vil kome i kontakt med Flyktningtenesta måndag – fredag 10-14. I tillegg er det eige telefonnummer for dei som treng hjelp frå gjeldsrådgjevingstenesta. Direkte telefon til gjeldsrådgjevingstenesta er open tysdag og torsdag 10-13.30. Det er mange som nyttar telefonnummera til NAV og mange får hjelp der og treng ikkje møte opp på NAV-kontoret. Dette er det mange som gir tilbakemelding om at dei set pris på.

Alver sine direktenummer kjem i tillegg til NAV sitt eige nasjonale kontaktsenter som har ope kvar dag 09-15. Kontaktsenteret tek direkte kontakt med leiar i NAV Alver om det er nokon som fortel dei er i krise eller treng naudhjelp.

Det er langt fleire planlagde møter enn tidlegare, og desse møta er ofte dei beste. Då møter innbyggjar ein rettleiar som har sett seg inn i den konkrete saka, har tilstades tolk og andre aktuelle fagpersonar der det er aktuelt. Personar som kjem til NAV med samansette problemstillingar, har særleg nytte av planlagde møter.

Det er og viktig for NAV å møta innbyggjarar på andre stader enn NAV-kontoret. NAV har eit utstrakt samarbeid med andre instansar i og utanfor kommunen slik at dei på den måten og aukar tilgangen til tenestene.

Skattekontoret:

Det vert ikkje svart på skattekontoret sine opningstider då dette ikkje er ei kommunal teneste.

Spørsmål Anna U.Nordlund-SV:

SV lurar på hvordan ungdomsskolene i Alver sikrer elevene god nok undervisning i tilfeller hvor de vanlige lærerne er fraværende. Vi har fått bekymringer fra foreldre til barn i ungdomsskolen, hvor de forteller at elevene iblant får fritime eller møter en vikar som er helt uforberedt på å undervise.

Vi lurar derfor på følgende:

- Er det alltid vikar i klasserommet?
- Hvilken kompetanse har vikarene?
- Hvor mange timer har elevene manglet lærer/pedagogisk personale i klasserommet det

siste skoleåret?

Svar frå ordførar:

1. Er det alltid vikar i klasserommet?

Skulane legg ned mykje innsats i det å skaffe vikarar ved fråvær i skulen. Det gjeld både lærarar og pedagogiske medarbeidarar. Hovudregelen er at det blir sett inn vikar ved fråvær.

Det kan førekome at ein klasse ikkje har vikar ein time. Då må elevane arbeide med skulearbeidet på eiga hand, eller få høve til å gjere arbeidet heime. Dette er brukt i svært liten grad, men kan førekome. Oftast er dette i situasjonar der det er kort tid frå fråvær er meldt til timen skal gjennomførast og/eller der det er mykje fråvær i same tidsrom. Ein lyt då gjere ei prioritering mellom grupper.

2. Kva for kompetanse har vikarane?

Her er det skilnad på fråvær som er planlagt og fråvær som skjer meir akutt.

Ved planlagt fråvær blir det i stor grad sett inn vikarar som innehar fagkompetanse, medan dette er vanskelegare å få til ved vikarbehov som oppstår på kort varsel.

Det er til tider vanskeleg å få tak i nok vikarar, eller vikar med fagkompetanse ut frå det behovet som er. Det blir av den grunn brukt ein del vikarar som ikkje har formell kompetanse i faget. Bruk av pedagogisk medarbeidar som vikar for lærar er eit døme på dette.

Ved vikarbehov blir faste tilsette ved skulen nytta som vikar ved at dei tar ekstratimar eller blir omplassert. Skulane leiger også inn vikarar frå vikarbyrå, men har erfaring med at det er vanskeleg for vikarbyråa å levere vikarar til vårt distrikt.

I tillegg blir tilkallingsvikarar brukt. Tilkallingsvikarane har ulik kompetanse, og fleire skular har studentar som vikarar, i tillegg til personar med anna kompetanse (lærar, anna høgskuleutdanning, fagarbeidar, ufaglært).

3. Kor mange timar har elevane mangla lærar/pedagogisk personale i klasserommet det siste skuleåret?

Skulane melder at dei i liten grad opplever at klassar må stå utan pedagogisk personale i klasseromma. Grunna mangel på kvalifiserte vikarar, må dei til tider setje inn vikarar utan formell undervisningskompetanse i ein klasse.

Skuleåret skal ha 190 skuledagar og strekkje seg over minst 38 skuleveker. Dette er regulert i Opplæringslova § 3-2. Dersom skulen gjer endringar i opplæringa, skal elevane sine rettar etter opplæringslov og forskrift stettast. Det betyr i praksis at tal undervisningstimar skal vere i samsvar med gjeldande tabellar for fag- og timefordeling.

Skulane strekkjer seg langt for å få best moglege løysingar på vikarbehova. Ved akutte vikarbehov kan det skje at vikaren ikkje er førebudd på opplæringa, til dømes fordi ein lærar måtte gå heim grunna eigen sjukdom eller sjuke born. Ved slike høve må vikaren steppe inn utan førebuing.

Arkiv: <arkivID><jpID> FE-410
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 20.09.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
086/23	Alver formannskap	21.09.2023
120/23	Alver kommunestyre	28.09.2023

Tilsetting kommunedirektør

Tilsetjingsutvalet si innstilling til vedtak:

Alver kommune tilset Christian Fredrik Fotland som ny kommunedirektør gjeldande frå 1. januar 2024.

Kommunestyret godkjenner arbeidsavtalen mellom Alver kommune og Christian Fredrik Fotland.

Alver formannskap 21.09.2023:

Handsaming:

Formanskapet gjorde samrøystes vetak om at møtet vart lukka jf.off.l.§ 25 1.ledd. Innstillinga frå tilsetjingsutvalet vart samrøystes vedteke.

FO- 086/23 innstilling:

Alver kommune tilset Christian Fredrik Fotland som ny kommunedirektør gjeldande frå 1. januar 2024.

Kommunestyret godkjenner arbeidsavtalen mellom Alver kommune og Christian Fredrik Fotland.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Kort om saka:

Kommunedirektør Ørjan Raknes Forthun fråtrer stillinga si frå 31.10.23. Kommunestyret skal i denne saka tilsetja ny kommunedirektør. Innstilling frå rekrutteringsutvalet vert lagt fram til formannskapet 21.09.23.

Saksopplysningar:

Kommunestyret vedtok å gje formannskapet fullmakt til å sette i gang rekrutteringsprosessen med ny kommunedirektør i sak 054/23, 11.5.23. Formannskapet valde rekrutteringsutval i sak 045/23, 30.5.23.

Kommunen har nytta Mercuri Urval som rekrutteringsfirma i prosessen.

I følgje kommunelova §13-1 er det kommunestyret som tilset kommunedirektør.

Rekrutteringsprosess og tilsetjingsutval:

Tilsetjingsutvalet har bestått av ordførar Sara Sekkingstad (Sp), varaordførar Nina Bognøy (AP), Nils Marton Aadland (H), Astrid A. Byrknes (KrF), Morten Klemetsen (uavh). Jarle Næss (UDF) og Liv Berit Haukås (FF) har vore med som hovudtillitsvalde og Kathrine Martinsen frå administrasjonen har vore sekretær.

Frå Mercuri Urval var Gro Reinertsen og Silje Bolset med i heile prosessen.

Rekrutteringsutvalet har hatt fem møte: 22.06, 29.06, 30.08, 04.09 og 18.09.

Stillingsinformasjon:

Stillinga har vore kunngjort på ulike utlysingsplattformer. Det har og vore utført målretta søk etter kandidatar. Søknadsfrist var 28. august.

Utlysingstekst for stillinga:

«Alver kommune søker ein inkluderande og trygg kommunedirektør med innsikt i og forståing for samspillet mellom politikk, fag og administrasjon. Vi ynskjer ein kommunedirektør med stort fokus på leiing, samhandling og nærdemokrati. Organisasjons- og kulturbygging samt godt partsamarbeid er viktig. Alver kommune treng i åra framover balansera ei berekraftig drift med omsyn til økonomi og tenestekvalitet. Vi ser etter ein leiar med stor gjennomføringskraft, som er god til å lytte og få med seg folk.

Kommunedirektøren vil ha ansvar for tilpassing og vidareutvikling av det eksisterande tilbodet vi gir innbyggjarane våre . Vi er opptekne av kommunen som samfunnsutviklar, tilretteleggjar og vertskommune. Vidare ser vi det som avgjerande at ein ny kommunedirektør etablerer gode relasjonar til nabokommunane, næringslivet og andre eksterne samarbeidspartar.

Vi ynskjer oss ein tydeleg og synleg leiar med god økonomiforståing, gode kommunikasjonsevner og ein tillitsbasert, motiverande og samlande leiarstil. Høgare relevant utdanning og dokumenterte resultat frå tidlegare leiarstillingar vert vektlagt. Vi tilbyr utfordrande oppgåver i ein kommune med dyktige medarbeidarar og stor vilje til å få ting til.»

Søklarane:

Ved utløp av fristen var det 15 søklarar til stillinga, 13 menn og 2 kvinner. Tre av søklarane fekk innvilga ønskje om å vere unnateke offentleg søkjarliste. Fem av kandidatane valde å trekke sin søknad.

Fem av søklarane blei inviterte til innleiande intervju. Etter desse intervju blei tre av kandidatane innkalla til testing og finaleintervju.

Rekrutteringsutvalet sitt arbeid:

- Prosessen etter avslutta søkeperiode: Screening av søklarar/søkjarliste. Rekrutteringsutvalet saman med Mercuri Urval (MU)
- Innleiande intervju, Mercuri Urval (MU) saman med rekrutteringsutvalet
- Gjennomføring av testar (MU)
- Testintervju/djupintervju (MU)

- Referanseintervju (MU)
- Finaleintervju Mercuri Urval og rekrutteringsutvalet

Vurdering:

Etter ei samla vurdering og omfattande innhenting av referansar, dybdeintervju, måling av kandidatane si erfaring, kunnskap og kompetanse, har rekrutteringsutvalet kome fram til ei samrøystes innstilling. Innstillinga er i tråd med tilrådinga frå Mercuri Urval.

Vedlegg i saken:

21.09.2023	Offentleg søkarliste kommunedirektør Alver kommune	1994124
21.09.2023	Rapport_Alver kommune	1994125

Offentlig søkerliste

248293 - Kommunedirektør

ID	Navn	Alder	Nåværende stilling	Kommune	Kjønn
1	Paal Tonning	57	Driftsansvarleg	Alver	Mann
2	Søknad trukket				Mann
3	Hans-Erik Ringkjøb	53	Ordfører Voss herad	Voss	Mann
4	Søknad trukket				Mann
5	Søker er unntatt offentlighet				Mann
6	Søknad trukket				Mann
7	Søker er unntatt offentlighet				Mann
8	Silje-Iren Netteland Olsen	47	Avdelingsdirektør	Bergen	Kvinne
9	Therese Steen Johansen	55	Kommunalsjef	Fredrikstad	Kvinne
10	Lauras Nareiko	40	PhD candidate	Oslo	Mann
11	Søknad trukket				Mann
12	Atle Fasteland	62	Kommunedirektør	Vaksdal	Mann
13	Søknad trukket				Mann
14	Andreas Thon	45	.	Alver	Mann
15	Søker er unntatt offentlighet				Mann